

# Innkjøpsstrategi – Voss herad 2020-2023



# Introduksjon

Innkjøp er strategisk viktig for Voss herad, og skal vera med å bidra til å nå måla våre.

Innkjøpsstrategien skal støtta Voss herad sin hovudstrategi, og visa til overordna tenking og åtferd for innkjøp. Berekraftige innkjøp som kan koplant mot FN sine berekraftsmål, skal vera med å skapa innovative, inkluderande og attraktive Voss. Kommunen skal bruka sin posisjon til å fremja klima- og miljøvenlege val.

Innkjøpsstrategien gjev føringar for korleis innkjøp skal gjennomførast, og skal sikra effektiv ressursbruk. Voss herad skal gjennomføra innkjøp i samsvar med lov og forskrift, og sikra at dette vert halde.

Strategien gjeld for alt innkjøpsarbeid i kommunen, på tvers av einingar og for alle fasar i ein innkjøpsprosess. Den gjeld alle delar av organisasjonen, og alle tilsette har eit felles ansvar for å sikra at kommunen når måla.

Voss herad innkjøpsstrategi 2020–2023



# Rammevilkår

## Bakgrunn

Voss herad kjøper årleg varer og tenester til kommunal eigenproduksjon i drift for omtrent 220 mill.kr (2019). Dette utgjør nesten 15% av årleg driftsbudsjett. Investeringsrekneskapen syner kjøp av varer og tenester for omtrent 55 mill. kr i 2018, og 70 mill. i 2019.

## Definisjonar

Innkjøp/anskaffingar omhandlar alle kjøp av varer eller tenester som vert gjort av kommunen.

## Rammevilkår

[Lov om offentlige anskaffelser \(LOA\)](#) og [Forskrift om offentlige anskaffelser \(FOA\)](#) legg premissa for gjennomføring av offentlege innkjøp.

I LOA §4 vert det lista opp grunnleggande prinsipp som skal leggest til grunn for alle innkjøp; «**konkurrans**e, **likebehandling**, **forutberegnelighet**, **etterprøvarhet** og **forholdsmessighet**».

For alle offentlege innkjøp er det terskelverdiane som legg føringar for kva prosedyre som kan nyttast ved ulike anskaffingar. Krava vert strengare di meir omfattande eit innkjøp er. Det er ikkje formelle krav til innkjøp under 100 000 kr, medan innkjøp som overstig 1,3 mill. kr må offentleggjerast.

Informasjon om terskelverdiane ligg på [anskaffelser.no](https://anskaffelser.no).

Avtalane som vert inngått, er viktige for kommunen, brukarane og leverandørane. Med bakgrunn i dette skal kommunen opptre som ein profesjonell aktør. Samstundes vert innkjøp nytta strategisk for å bidra til innovasjon- og verksemdsutvikling.

# Visjon og hovudmål

## Visjon


Voss herad sine innkjøp skal gjennomførast profesjonelt og berekraftig.

## Hovudmål

Innkjøp skal gjennomførast slik at me oppnår best mogleg verdiskaping til lågast mogleg ressursbruk.

Følgjande parameter vert vektlagt:

- ✓ Kvalitet – riktige og gode produkt og tenester til brukarane og kommunen.
- ✓ Kostnader – rett pris.
- ✓ Tidsbruk – effektivt med omsyn til bruk av tid og til rett tid.



# Delmål

1. Innkjøpa skal dekke behovane våre, i dag og i framtida.

2. Me skal ha profesjonell oppfylging av avtalane

3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt.

4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling.

5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige.

For å oppnå hovudmålet til Voss herad, har me fylgjande fem delmål i strategiperioden:



1. Innkjøpa skal dekke behovane våre, i dag og i framtida.

[KLIKK FOR MEIR INFORMASJON](#)



4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling.

[KLIKK FOR MEIR INFORMASJON](#)



2. Me skal ha profesjonell oppfylging av avtalane

[KLIKK FOR MEIR INFORMASJON](#)



5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige.

[KLIKK FOR MEIR INFORMASJON](#)



3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt.

[KLIKK FOR MEIR INFORMASJON](#)

# 1. Innkjøp skal dekke behovene våre, i dag og i framtida



1. Innkjøp skal dekke behovene våre, i dag og i framtida.

2. Me skal ha profesjonell oppfølging av avtalene

3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt.

4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling.

5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige.

## YNSKT EFFEKT

- Dekka behovet for rammeavtalar der dette er teneleg, og bistå med enkeltanskaffingar etter behov.
- Interessentar skal involverast i prosessen med å finna rett behov, både fagpersonar og brukarar.
- Godt samarbeid med relevante leverandørmarknader for å sikra at framtidsretta løysingar vert kjøpt.

## TILTAK

- 1.1 Utvikla naudsynt strategisk innkjøpskompetanse hjå leiarar og innkjøpsrådgjevarar.
- 1.2 Gjennomføra årlege behovskartleggingar av innkjøp i avdelingane i løpet av hausten.
- 1.3 Nytt Nasjonalt program for leverandørutvikling og Difi for auka kompetansen om innovative offentlege innkjøp.
- 1.4 Nytt innovasjonsmetodikk der dette kan bidra til naudsynt nytenking og nyskaping.
- 1.5 Involvera interessentar, både fagpersonar og brukarar, i førebuinga av store eller strategisk viktige innkjøp.
- 1.6 Alle nye rammeavtalar skal drøftast med innkjøpsrådgjevar i god tid før dei vert inngått.
- 1.7 Alle innkjøp av programvare skal drøftast med leiar for digitalisering og IT.

## RISIKO

- Rammeavtalar som ikkje dekker behovet vårt
- Innkjøpssamarbeid kan føra til avtalar som ikkje er optimale for vårt behov
- Klarar ikkje å definere behovet vårt godt nok

## 2. Voss herad skal ha profesjonell oppfølging av avtalane



1. Innkjøp skal dekke behova våre, i dag og i framtida.

**2. Me skal ha profesjonell oppfølging av avtalane**

3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt.

4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling.

5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige.

### YNSKT EFFEKT

- Ha ein avtaleportefølje som gjev økonomisk gevinst gjennom standardisering, effektivisering og samordning av innkjøpa.
- Høg avtalelojalitet.
- Innkjøpssamarbeida våre skal bidra til sparte transaksjonskostnader, og betre avtalevilkår.
- Respekt for kontraktsvilkåra og nytta dei best mogleg gjennom heile avtaleperioden.

### TILTAK

- 2.1 Sikra at datakvaliteten frå faktura- og økonomisystemet er høg og gjev eit godt grunnlag for analyse.
- 2.2 Inngå og forvalta kommunen sine samkjøps- og rammeavtalar på grunnlag av årleg analyse av kommunen sitt behov og økonomisk effekt.
- 2.3 Tydeleggjera leiar sitt ansvar ovanfor rammeavtalane.
- 2.4 Etablera ein felles prosedyre for kontraktoppfølging for å sikra at intensjonane vert ivareteke.
- 2.5 God implementering av rammeavtalar i heradet, dvs. god informasjon om inngåtte avtalar, samt oppfølging med brukarane av avtalen.

### RISIKO

- Avtalar blir ikkje brukt, og kan medføra erstatningsansvar.
- Avtalar blir ikkje brukt korrekt, og me klarer ikkje å ta ut økonomisk gevinst.

## 3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt


1. Innkjøp skal dekke behova våre, i dag og i framtida.

2. Me skal ha profesjonell oppfølging av avtalane

**3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt.**

4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling.

5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige.



### YNSKT EFFEKT

- Me skal ikkje bruka tid på innkjøp som ikkje gjev verdi for kommunen. Gjennomføring av innkjøp skal kjenneteiknast av intern effektivitet og etterleving av regelverket.

### TILTAK

- 3.1 Me skal ha enkle, tilgjengelege og oppdaterte rettleiarar, malar og verktøy til bruk i innkjøpsprosessane våre.
- 3.2 Innføra elektronisk verktøy for fleire delar av innkjøpsprosessen.
- 3.3 Me skal syta for å bruka innkjøpskompetansen på ein måte som i størst mogleg grad gagnar heradet.

### RISIKO

- Brukar tid på oppgåver som ikkje gjev verdi.
- Val av system som ikkje fungerer etter intensjon, eller som ikkje dekker behova våre.
- Avgrensa kapasitet hjå innkjøpsrådgjevarar. Ved manglande kapasitet, skal det prioriterast bistand i innkjøpsprosessar der verdien overstig nasjonal terskelverdi, eller som er strategisk viktig.



## 4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling

1. Innkjøp skal dekke behova våre, i dag og i framtida.
2. Me skal ha profesjonell oppfylgning av avtalane
3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt.
- 4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling.**
5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige.



### YNSKT EFFEKT

Arbeida aktivt for å oppnå ein godt tilpassa og utvikla leverandørmarknad. Utvikla den lokale leverandørmarknaden der me ser oss tent med dette. Open konkurranse skal prega marknader som me kjøper varer og tenester i.

### TILTAK

- 4.1 Invitera minimum 3 tilbydarar i innkjøp mellom 100.000 og 1,3 mill. kr.
- 4.2 Nytt standardkontrakt for å sikra gjennomtenkte og balanserte kontraktsvilkår som er kjend i leverandørmarknaden.
- 4.3 Delta på møteplassar for erfarings- og informasjonsutveksling mellom innkjøparar og leverandørmarknaden.
- 4.4 Dialog med leverandørar som ikkje vert vald for gjennomgåing av evaluering, motivasjon til forbetringar og til deltaking ved neste aktuelle innkjøpsprosess, i utvalde innkjøpsprosessar.
- 4.5 Gå i dialog med marknaden i større grad i forkant av konkurransar.
- 4.6 Få kjennskap til lokal marknad, og ha dialog med marknaden.
- 4.7 Utvikla ein handlingsplan der ein og treff små og mellomstore bedrifter i distriktet.
- 4.8 I konkurransar kan ein i større grad nytta tildelingskriterium som service, miljø, læreplassar og liknande, og ikkje berre fokusere på pris.
- 4.9 Lysa ut både små og store oppdrag slik at små lokale bedrifter og har moglegheit til å levere tilbod.

### RISIKO

- Liten konkurranse eller få som gir tilbod. Dette kan føra til dårlegare kjøp for kommunen, både innan kvalitet og økonomi.

## 5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige

1. Innkjøp skal dekke behova våre, i dag og i framtida.
2. Me skal ha profesjonell oppfylging av avtalane
3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt.
4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling.
- 5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige.**



### YNSKT EFFEKT

- Innkjøpa skal redusera miljøbelastninga, sikra gode arbeidsforhold, syna respekt for grunnleggjande menneskerettar og sikra like konkurransevilkår og konkurransekraft for næringslivet.
- Samfunnsansvarlege innkjøp skal bidra til å sikra godt omdøme og tillit.

### TILTAK

- 5.1 Etablera rutinar for å redusera skadeleg påverknad på miljøet knytt til innkjøp, og fremja klimavenlege løysingar. Bruk av DIFI sine malar.
- 5.2 Jobba for meir resirkulering, gjenbruk og deling. Det skal leggst til rette for størst mogleg gjenbruk og materialgjenvinning.
- 5.3 Bruk av interne etiske retningsliner i innkjøpsarbeidet. Habiletet skal vurderast ved planlegging og gjennomføring.
- 5.4 Etablera rutinar og vurderer tiltak som førebyggjer misleghald og korrupsjon knytt til innkjøp.
- 5.5 Stilla miljøkrav ved kvalifisering, tildeling eller leveransar i kommunen sine rammeavtalar og større innkjøp.
- 5.6 All planlegging av anskaffingar skal ta utgangspunkt i målet om å bli ei miljøvenleg bygd.
- 5.7 Vurdere moglegheiten for å bli fairtrade kommune.
- 5.8 Laga standard for kva krav som skal stillast i nye formålsbygg og oppgradering av eksisterande formålsbygg.
- 5.9 Auka kompetanse om klimavenlege innkjøp.
- 5.10 Der det er naturleg skal det stillast krav til læreplassar/ skal læreplassar vera ein del av tildelingskriteria.

### RISIKO

- Det vert ikkje stilt krav i anskaffingar. Kompetanse om krav og rutinar, saman med haldningsarbeid vil kunne hindre dette. Det må planleggast for å nå måla.
- Kommunen når ikkje måla sine.

# Implementering

## Måling og rapportering

Innkjøpsstrategien er vedtatt i rådmannen si leiargruppe, og gjort kjend for alle medarbeidarar. Kvar avdeling i kommunen har ansvar for å bidra til at strategien blir fylgt og tiltaka gjennomført. Staben v/innkjøp har ansvar for å koordinera arbeidet, gje opplæring og råd, og rapportera på framdrift.

Innkjøpsstrategien skal konkretiserast i ein årleg handlingsplan, med vedtak i rådmannen si leiargruppe. Staben v/innkjøp har ansvar for å laga handlingsplanen. Rapportering på dei viktigaste tiltaka vil inngå i kommunen si årsmelding.

## Kritiske suksessfaktorar

For å lukkast med implementering av strategien må me sikra at:

- innkjøpsstrategien er forankra og kommunisert i heile kommunen
- alle innkjøp vert gjennomført i tråd med gjeldande regelverk og interne rutinar, og etterleving av kontrakt
- prioritering av utviklingsoppgåver og implementering av tiltak
- handlingsplan som inneheld konkrete mål, tiltak, klare fristar og ansvar

## Gevinstrealisering

I løpet av strategiperioden skal fordelar og effektar dokumenterast.



Dekker behov



Profesjonelt



Effektivt



Marknadsutvikling



Berekraftig